



Siste!

Pause i edremedisinsk poliklinikk på Eid

Laila Haugland, avdelingssjef ved medisinsk avdeling i Helse Førde skriv i ein epost til PKO: "Vi må dessverre informere om at overlegen som er tilknytta Eldremedisinsk poliklinikk på Nordfjord sjukehus har sagt opp si stilling og sluttar i september. Vi har ikkje noko erstattar på kort sikt, og må difor midlertidig stoppe dette tilbodet. Elisabeth Bolik vil i samarbeid med Eva Søgner (ovelege på eldremedisin på Sentralsjukehuset) gjennomføre kontrollar på pasientar tilknytta tilbodet på Nordfjord sjukehus ut året. Nyhenviste må få tilbod på Sentralsjukehuset. Etter nyttår vil alle pasientar bli overførte til Sentralsjukehuset inntil vi klarer å få tilbodet opp å gå igjen i Nordfjord. Vi vil jobbe med å bygge opp kompetanse til reåpning av tilbodet, og vil komme tilbake med informasjon så raskt som mogeleg. "

Info frå pasientreiser.

Vi har nokre utfordringar i samband med Covid-19 og transport av pasientar.

1. «Sitte forran»

I mange tilfelle blir det rekvirert transport med behov for «Sitte forran». Dette skapar utfordringar for oss, då det medfører at vi må bryte anbefalinga om ein meter avstand.

Vi oppmodar difor behandlar til i minst mogleg grad å nytte dette behovet ved bestilling. I dei tilfella dette behovet er heilt nødvendig, ber vi om ei bekrefting frå behandlar på at anbefalinga på ein meter skal brytast.

2. Ledsager

Ved behov for ledsager kjem vi også i konflikt med anbefalinga. Vi vil difor oppfordre til å nytte ledsager som kan køyre eigen bil, i dei tilfella dette er mogleg.

I dei tilfella dette ikkje er mogleg og stor bil ikkje er å oppdrive, må vi også her be om ei bekrefting frå behandlar på at anbefalinga på ein meter skal brytast.

Vi må også minne om at Pasientreiser berre dekker behovet for ledsager under sjølve reisa, ikkje ein ledsager som ein ønskjer å ha med under legebesøket.

Oppdatert infrå frå mikrobiologisk avdeling Helse Førde vedr Covid 19 testing.

Testkapasiteten ved dei mikrobiologiske laboratoria er i ferd med å bli sprengt.

Forlenga svartid må påreknast. Mangel på prøvetakingsutstyr og forbruksvarer kan bli eit problem.

Nokre andre analysar blir sjeldnare utført.

<https://labanalyse.helse-forde.no/labinfo/108>

PKO kalender:

Grunnkurs B: Allmennlegens roller og samarbeidspartnere; arrangert i Florø - utsatt frå mars 2020 p.g.a. coronaepidemi og sett opp att i oktober!

Tid: 21.-23. oktober 2020

Stad: Quality Hotel Florø

Praktiske henvendelser: Kontor for legers videre- og etterutdanning - Oslo

Antall kurstimer 35

Maks antall deltakere 50

Kurseier: Sogn og Fjordane legeforening

<https://www.legeforeningen.no/kurs/2020/7/34100/#tab1>

Normaltariffen, logistikk, regnskap og skatt - Digitalt på Zoom

Kurset arrangeres digitalt på Zoom

Tid: onsdag 23.9.20 kl. 12-16 og torsdag 24.9.20 kl.12-16.

Arrangør: Sogn og Fjordane Legeforening

Målgruppe: LIS1, allmennleger og medarbeidere i Vestland og landet ellers.

<https://www.legeforeningen.no/kurs/2020/9/34166/#tab1>

Diabetesforum Vestland.

- avlyst pga koronaepidemien men blir sett opp nasjonalt digitalt kurs søkt godkjent som emnekurs i løpet av seinhausten 2020.

Meir info kjem når detaljer er klare.

Les meir på

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko/aktuelt>

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko/informasjon-om-koronatiltak-i-samhandling-mellom-allmennlegetenesta-og-helse-forde>

PKO kalender

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko/pko-kalender>

Arkiv «Nytt frå PKO»

<https://samhandling-sfj.no/samhandlingstiltak/praksiskonsulentane/>

Diverse informasjon om Covid-19 på samhandlingssidene

<https://samhandling-sfj.no/status-og-informasjon-om-samhandling-rundt-covid-19/>

Med helsing

Anne Stubdal, Jan Ove Tryti, Normund Svoen

Praksiskonsulentar

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

Helse Førde HF

www.helse-forde.no

